

Utgreiing til sak 4:

14.01.2026

Likviditetssituasjonen i Telemark Bilruter AS

Denne utgreiinga, saman med rekneskapstal som også er vedlagt saka, er meint som eit supplerande avgjerdsgrunnlag for generalforsamlinga i samband med handsaminga av sak 4 om kapitalutviding. I tillegg kjem det ei grunding gjennomgang av stoda i selskapet i eigarmøtet før den ekstraordinære generalforsamlinga.

1. Bakgrunn og formål

Styret sitt framlegg om kapitalutviding er fullt ut grunngjeve i likviditetssituasjonen i selskapet. Telemark Bilruter AS står i ein periode med auka kapitalbinding og mellombels svekt likviditet, særleg knytt til første halvår. Dette medfører behov for å styrkje kontantbeholdninga i selskapet for å sikre forsvarleg drift, oppfylling av løpande plikter og nødvendig handlingsrom i ein krevjande omstillingsfase.

Kapitalutvidinga skal ikkje berre sikre tilstrekkeleg likviditet i ein krevjande periode, men òg gi selskapet nødvendig handlingsrom til å gjennomføre vidare omstilling og utvikling av verksemda.

Det er viktig å understreke at emisjonen ikkje er initiert av manglande underliggjande verdiar i selskapet, men som eit tiltak for å sikre tilstrekkeleg likviditet i ein periode med auka belastning på kontantstraumen.

2. Konkret likviditetsutfordring


Vedlagt innkallinga finn de tala for periode 1-11 2025. Tala er ureviderte og nokre større transaksjonar er ikkje bokført, blant anna sal av Telemark Storbilservice. I tillegg vil truleg det kome opp diskusjonar om verdsetting i dialog med revisor knytt til årsoppgjer. Tala gjev eit godt utgangspunkt for å sjå utvikling i drifta, og vil bli gjennomgått i eigarmøte før ekstraordinær generalforsamling. Der vil det bli åpna for å stille spørsmål.

Styret har i dette notatet valt å gi ei samla og kvalitativ redegjering for likviditetssituasjonen og forventa utvikling framover, som styret meiner gir eit relevant avgjerdsgrunnlag for vurdering av kapitalutvidinga. Fullstendig og revidert rekneskap vil bli lagt fram for eigarane i samband med ordinær generalforsamling.

Styret viser til at selskapet har ei konkret og tidsavgrensa likviditetsutfordring i første halvår, mellom anna som følgje av:


- periodiske inntektsforskyvingar
- auka kostnader knytte til drift og omstilling
- generell uvisse og endra rammevilkår i transportbransjen

Vi har under illustrert likviditetsutviklinga for 2026 basert på årets budsjett, med og utan utvida midlertidig kassekreditt frå banken.



Første figuren viser kontantbeholdning ved utgangen av kvar måned (blå søyler), og korrigert for kassekreditten frå banken. Vi ser av figur 1 at vi manglar likvider seinast frå april fram til juli/ august, estimert til 3-5 mill. i perioden.

Vi har søkt om midlertidig utvida kreditt frå januar, NOK5 mill og har lagt inn at vi har denne i perioden februar til august (reflekterer søknad). Banken har i denne samanhengen signalisert ei klart krav til at eigarane bidreg med kapital for å sikre forsvarleg drift, som føresetnad for å stille ytterlegare likviditet til disposisjon frå deira side.



Det er ikkje sjølvstyk at banken gjev tilleggskreditt, då er biletet betydeleg alvorlegare. Av figur 2 ser vi at vi manglar likviditet allereie i februar og dette rettar seg ikkje før vi kjem til september månad om.

Begge desse illustrasjonane er basert på budsjettert aktivitet, så prognosane er ikkje akkurat men illustrerer forventet utvikling.

3. Vurderte tiltak og alternativ

Styret har vurdert alternative tiltak til kapitalutviding, mellom anna:

- innhenting av eksterne kjøparar/investorar
- realisering av eigedelar
- gunstige likviditetslån frå større eigarar

Styret si samla vurdering er at desse alternativa anten ikkje gjev tilstrekkeleg rask effekt på likviditeten, eller inneber ei uheldig svekking av selskapet sitt langsiktige verdigrunnlag og strategiske handlingsrom. På denne bakgrunnen vert kapitalutviding vurdert som det mest føremålstenlege og ansvarlege tiltaket.

4. Teikningskurs, eigarstruktur og verdsetjing

Kapitalutvidinga er føreslått gjennomført med teikningskurs NOK1.000. Teikningskursen er styret sitt framlegg til generalforsamlinga, og generalforsamlinga kan vedta ein annan teikningskurs innanfor ramma av aksjelova sine krav til likehandsaming av aksjonærane.

Alle aksjonærar har lik rett til å teikne seg i kapitalutvidinga på same vilkår. Dersom alle aksjonærar nyttar teikningsretten sin, vil eigardelar og eigarstruktur vere uendra etter emisjonen. Kapitalutvidinga er såleis lagt opp slik at alle aksjonærar får same moglegheit til å bidra til å styrkje selskapet.

Styret ynskjer å presisere at teikningskursen ikkje gir uttrykk for selskapet sin bokførte eller reelle eigenkapital, og heller ikkje kan tolkast som eit uttrykk for verdien av aksjane i Telemark Bilruter AS. Det er ikkje gjort noko verdsetting av selskapet på noverande tidspunkt.

Teikningskursen er sett med ein medviten rabatt samanlikna med underliggjande verdier i selskapet. Dette er gjort for å motivere eksisterande aksjonærar til å delta i emisjonen og for å sikre brei oppslutning om tiltaket. Teikningskursen kan difor ikkje tolkast som eit uttrykk for selskapet sin marknadsverdi, substansverdi eller bokførte eigenkapital.

Styret vurderer difor den føreslåtte kapitalutvidinga som eit nødvendig og føremålsteneleg tiltak i den situasjonen selskapet er i.

5. Gjennomførte tiltak i 2025

I løpet av 2025 har Telemark Bilruter AS gjennomført fleire strukturelle tiltak som ledd i ei forenkling av konsernmodellen og tilpassing til framtidige rammevilkår. Dette omfattar mellom

anna sal av Telemark Storbilservice AS. Salet medførte ein betydeleg eingongskostnad, og reduserte dei likvide reservane i selskapet vesentleg, mellom anna ved at kassekreditten måtte nullstillast. Den samla likviditetseffekten av dette var om lag 11 millionar kroner. Likevel har vi sikra konsernet mot framtidige tap frå dette forretningsområdet og også sikra ei langsiktig husleigekontrakt for eigedomsselskapet.

Styret vedtok ny strategi for selskapet for perioden 2025-2029 i starten av 2025. Strategien er omgjort til handlingsplanar, som skal igjen skal sikre realisering av strategiske målsetjingar. Styret etablerte saman med dagleg leiing i juni eit smidig endringsteam «Task force» som skal sikre tempo og retning på endrings- og strategiarbeidet i konsernet. Her vert tiltak prioritert, løyst, implementert og evaluert i raskt tempo. Dette har vist seg å vera ein svært effektiv metode for å få tiltak raskt rulla ut i organisasjonen.

Transportselskapa i konsernet vart fusjonerte til eitt selskap 22. desember 2025. Samstundes er morselskapet rydda for leiing og stab, med reduksjon av fleire stillingar og forenkling av strukturar. Desse tiltaka legg grunnlaget for framtidige effektiviseringsgevinstar, mellom anna gjennom felles digitale løysingar, standardisering av arbeidsprosessar, meir harmoniserte lønsmodellar og betre utnytting av materiell og personell på tvers av selskapet. Effektiviseringsgevinstane vil i hovudsak kome i løpet av 2026. Selskapet har nyleg gjennomført den juridiske og operative fusjonen, og omstillinga vil ta tid å realisere fullt ut. Selskapet er samstundes rigga for å kunne auke omsetninga over tid, men det er ikkje lagt til grunn at slik vekst vert realisert i 2026 i budsjettet.

6. Tilgjengeleg rekneskapsinformasjon

Avskrift av selskapet sitt siste årsrekneskap, årsberetning og revisjonsberetning er utlagt på selskapet sitt kontor og er tilgjengeleg for aksjonærane. Årsrekneskapen er òg offentleg tilgjengeleg gjennom Brønnøysundregistrene og kan hentast ut via denne linken:

<https://virksomhet.brreg.no/nb/oppslag/enheter/924099658>

Vedlegg: Foreløpige rekneskapstal periode 1-11 for konsernet.